

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET	
AVD./SEK.: PTS	S.BEH.: JKF
30 JULI 2008	
S.NR.: 07124-30	
ARKIVKODE: 835.5-	AVSKREVET:

Norges mobil-TV AS
 (selskap under stifting)
 c/o NRK KUTV
 v/ Gunnar Garfors
 gunnar.garfors@nrk.no
 0340 Oslo

29.07.2008

Samferdselsdepartementet
 postmottak@sd.dep.no

Høyningsuttaling frå Norges mobil-TV om digitalt dividende-rapporten.

Om Norges mobil-TV

Norges mobil-TV AS ("NMTV") eigast av NRK, TV 2 og MTG som er inne som likeverdige partar. Her står med andre ord kringkastarar med ulike typar finansieringsmodellar saman om å levere variert innhald, fleire kanalar og nye tenester. Det viktigaste for NMTV er å leggje grunnlaget for mobil-tv i Noreg. Intensjonane er å kartlegge riktig type og form på innhald, å få på plass fungerande forretningsmodellar samt å finne den mest formålstenlege teknologien. På bakgrunn av topografiske tilhøve, busetnads-mønster og økonomi tyder mykje på at DMB, som nyttar DAB som berar, er den beste mobil-tv-teknologien for å dekkje store område i Noreg, eit geografisk krevjande land.

DMB

Den svenske regjeringa ønskta ein grundig gjennomgang av dei ulike teknologiane som kan nyttast for radio og mobil-TV. Det uavhengige konsulent-selskapet Stelacon leverte i 2007 ein brei rapport ("Framtidens radio") som tok for seg alle aktuelle teknologiar. Oppdraget til Stelacon inkluderte å utføre djupneintervju med eit utval av aktørane på marknaden, analysere teknisk funksjonalitet og sjå på dei finansielle føresetnadane samt vurdere teknologiane frå ein brukarståstad og opp mot eit realistisk tidsperspektiv. Stelacon fann det også relevant å ta inn moment som europeisk harmonisering, frekvenseffektivitet og dekkingsgrad. Sistnemnde moment eksemplifiserast i rapporten:

"*För att erhålla 90% ytäckning krävs:
 FM ca 140 sändare per nät
 DMB/DAB ca 200-300 sändare per nät*

"*För att få 25-30 % ytäckning krävs:
 3G ca 11000 stationer/sändare per nät
 DVB-H ca 3000-11000 stationer/sändare per nät*"

DMB skil seg fordelaktig ut vurdert opp mot teknologiane som vart vurderte. Teknologi-verksemda TTP, det uavhengige instituttet IRT, konsulent-selskapet Cap Gemini, m.fl. tilrår også DMB for å dekkje store område. Ekspertisen internt i NRK, TV 2 og MTG stiller seg også bak konklusjonane over og ser på DMB som det einaste reelle alternativet for mobil-TV med bra dekningspotensiale i Noreg. Franske tal viser eit tilsvarande bilet. DVB-H vil koste 8 millionar Euro per kanal for 30% dekking av landet. For 95% dekking med DMB er prisen ein fjerdedel. Det er vidare NMTV si oppfatning at DMB krev mindre kontroversielle frekvensar enn DVB-H då det ikkje tek av frekvensar som med fordel kan nyttast til andre meir bandviddekrevjande TV-tilbod som HDTV.

Ei DMB-satsing underbyggjer DAB-strategien til Kulturdepartementet, NRK og P4. Det er det same distribusjonsnettet som nyttast og DMB vil kunne hjelpe å vidareutvikle DAB, skubbe teknologien inn i eit meir multimedialt spor og føre til import av ei mengd nye mottakarar frå ulike fabrikantar. DMB tek ikkje eksisterande DAB-kapasitet men har behov for nye frekvensar, fortrinnsvis i same band. Samstundes eignar band III seg godt for dekning innandørs. NMTV ønskjer ikkje å bygge opp mobiltelefon-TV, men mobil-TV for både mobiltelefonar og mange andre terminaltypar. Dei første DMB-mottakarane er allereie å få kjøpt i Noreg.

Frekvensbehov

Også DMB krev frekvensar, og NMTV meiner at det bør setjast av eit eige område for DAB og DMB utan andre "inkompatible" distribusjonsformer som DTT. Om plass vert sett av til digital-TV i band III, som i forslaget frå Telekring AS, vil dette gjere frekvensplanlegging vanskelegare og ete av eller forstyrre frekvensar som ikkje då kan nyttast. NMTV synast ikkje at frekvensplass til DTT bør blandast inn med DAB.

Med bandvidde på 224-256 kbps vil det vere plass til 4 eller 5 TV-kanalar i kvar mux (frekvensblokk). Det vil gje særskilt god lyd- og biletqulitet for små skjermar. NMTV ønskjer to muxar for til saman å disponere ni TV-kanalar pluss tilleggstenester. Det tykkjer vi er minimum for å tilby breitt nok innhald til å tilfredsstille ulike målgrupper.

Ved bruk av to frekvensblokker kan ei inndeling av innhald og tenester sjå slik ut:

MUX 1		MUX 2	
Innhald	Kapasitet (kbit/s)	Innhald	Kapasitet (kbit/s)
TV-kanal A	256	TV-kanal E	256
TV-kanal B	256	TV-kanal F	224
TV-kanal C	224	TV-kanal G	224
TV-kanal D	224	TV-kanal H	224
Tilleggsteneste/data A	64	TV-kanal I	224
Tilleggsteneste/data B	64		
Tilleggsteneste/data C	32		
Tilleggsteneste/data D	32		
Sum	1152	Sum	1152

Om DMB synast å bli ein suksess vil det frå NMTV og/eller andre aktørar kunne kome ønskje om ytterlegare bandvidde for å kunne utvide innhaldstilbodet. Rapporten om det digitale dividende foreslår 11A til DMB, men ei frekvensblokk er ikkje nok for å tilby ei brei, god og variert innhaldspakke (som vist døme på over), og NMTV ber difor om at det setjast av meir bandvidde enn det forslaget som no ligg føre. To blokker bør vere minimum. 11A er allereie sett av til DAB (riksblokk 2). NMTV meiner at DMB bør gjerast på eigne frekvensar, ikkje på kapasitet som i utgangspunktet er sett av til radio.

Vi meiner det er viktig å ta høgde for utstrakt mobil-TV-bruk og setje av frekvensar som gjer det mogeleg for ulike aktørar å etablere tilbod på denne plattforma. NMTV ser kanalane 5-10 som veleigna og meiner at desse eksklusivt bør nyttast til DAB og DMB for å unngå å gjere enkelte frekvensområde ubrukelege som følgje av t.d. interferens.

For NMTV er det eit tankekors at frekvenskapasiteten, som for kort tid sidan såg ut til å vere tilstrekkeleg, brått er i ferd med å verte eit sparsamt gode om ikkje det som står i digitalt dividende-rapporten vert modifisert.

Anbefaling

NMTV ser behov for at frekvensplanen regulerast for å unngå mangel på frekvensar for DMB, ein teknologi som vil kunne vidareutvikle DAB-plattforma med nye tenester og breiare innhald mot nye målgrupper. Ein av intensjonane med digitalisering er å kunne gjere det teknisk mogeleg med meir innhald og fleire og meir avanserte tenester, samt å vidareutvikle kringkastingsteknologien.

Med mobil-tv kan vi nå nye målgrupper i nye kontekstar og gjere tv-sjåing lettare tilgjengeleg for folk flest. Då er det ikkje tilstrekkeleg å berre gjere tilgjengeleg bandbreidde nok til å vidareføre det eksisterande radiotilbodet. Riksbløkka og regionbløkka i DAB er ikkje nok til å kunne gje eit godt tilbod til ulike målgrupper i Noreg for radio via DAB åleine, og dermed heller ikkje no når det også er ønskje om mobil-tv via DMB.

Ved overgang til digital transmisjon treng ikkje frekvenskapasitet lenger å vere ei mangelvare, som tilfellet diverre er for analog transmisjon. Med sterkt behov for fleire frekvensar, både for DAB og for DMB, er det litt rart å lese følgjande formulering i rapporten om digitalt dividende:

"Arbeidsgruppen legger til grunn at riksbløkken og regionbløkken DAB til sammen utgjør et tilfredsstillende grunnlag for distribusjon av riksradio til befolkningen... "

Frekvensområdet som no vert frigitt i band III er eit særsla bra høve for å tilby ulike aktørar ikkje-diskriminerande vilkår for DAB og DMB. Vi meiner at det bør kunne nyttast til både DAB og DMB slik at vi ikkje går frå ein situasjon med analog frekvensmangel til ein situasjon med digital frekvensmangel.

Band III er godt eigna for DMB, og NMTV tilrår følgjande:

- Kanalane 5-10 setjast av eksklusivt til DAB og DMB med tilpassa rastar. Kanalar som no nyttast til DAB vert ståande.
- Inntil vidare reserverast to T-DAB-blokker for bruk til mobil-TV. Dette gjerast på eigne frekvensar, ikkje på frekvensar som allereie er sett av til radio.
- PT førettek ei høyring i marknaden for å kartleggje interessa for mobil-TV.
- Avhengig av tilbakemeldingar lysast 2-4 frekvensblokker innanfor kanalane 5-10 ut til mobil-tv. Resten av band 5-10 (DVB-T-blokk) setjast av til DAB.

Beste helsing

Gunnar Garfors
For Norges mobil-TV AS